

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 23.05.2024
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Tom Rydland

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Anne Marie Røed	nestleiar
Tom Rydland	medlem
Anne Kristin Skår	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Mette Elisabeth Lambach	medlem
Bård Inge Bø	medlem
Kari Raunholm	medlem
Olav J. Oma	sokneprest
Gisle Levåg	kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	1. vara

Fitjar, 19.05.2024

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/25	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/26	012.1	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 18.04.2024	X
2024/27		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2024/28		Møtestruktur og møteplan for 2. halvår 2024	X
2024/29		Årsmelding og kyrkjelydsmøte	X
2024/30		Kyrkjelyden sitt arbeid for flyktningar som kjem til Fitjar	
2024/31		Meldingar / open post	X

Sak 2024/25 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2024/26 012.1 Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 18.04.2024.

Sak 2024/27 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2024/28 Møtestruktur og møteplan for 2. halvår 2024

Før soknerådet stadfester møteplan for hausten 2024, kan det vera greitt om rådet på førehand har ein samtale om kor ofte det skal vera møte, vekedag og klokkeslett, lengde på møte og sjølve gjennomføringa. Sidan Fitjar sokneråd både har fellesrådsfunksjonar og er eit ordinært sokneråd kan rådet om ynskjeleg ha eit klårare skilje på kva tid det er møte i dei ulike råda.

På grunnlag av det som kjem fram i møtet vil det bli sett opp ein møteplan som vert lagt fram til godkjenning på siste møte før sommaren.

Framlegg til vedtak:

Når møteplanen for 2. halvår 2024 skal leggjast fram i juni ber soknerådet om at det vert teke omsyn til dette i planen:

- 1.
- 2.
- 3.

Sak 2024/29 Årsmelding og kyrkjelydsmøte

Grunna sjukefråvær på kyrkjekontoret denne vinteren og våren har deler av arbeidet med årsmeldinga komme seinare i gong enn vanleg. Tidlegare har ei komplett årsmelding vorte lagt fram for soknerådet og deretter lagt ut til gjennomsyn minst 14 dagar før årsmøtet. Dette fekk me ikkje til i år. Årsmeldinga vil i år liggja ute om lag ei veke før årsmøte, eller «menighetsmøte» som det vert kalla i kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Det skal gjennomførast i Fitjar sundag den 26. mai etter gudstenesta. Nedanfor er det teke inn noko frå kyrkjeordninga som omhandlar soknerådet sitt ansvar når det gjeld kyrkjelydsmøte.

Datoen for årsmøte er teken med i siste kyrkjebladet og det er kunngjort på kyrkja si heimeside. Det vil og komma ei kunngjering i lokalavisa før møte.

Før årsmøtet bør soknerådet drøfta korleis årsmøte skal gjennomførast og kven som skal ha ansvar for dei ulike oppgåvene undervegs i møte. Det er og viktig at soknerådet tek stilling til korleis kommentarar og innspel som vert teken opp av medlemene på årsmøte vert tekne vidare, og om medlemene skal få direkte tilbakemelding på det dei tek opp.

Utdrag frå kyrkjeordning for Den norske kyrkja:

§ 12. Menighetsrådets oppgaver

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt. Avgjørelse om opprettelse av stillinger skal godkjennes av kirkelig fellesråd.

Menighetsrådet medvirker ved tilsetning i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.

Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.

Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges frem for menighetsmøtet, jf. § 13, eller som menighetsmøtet selv tar opp.

Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet.

Menighetsrådet skaffer til veie de opplysninger og gir de uttalelser som kirkelig myndighet ber om.

0

§ 13. Menighetsmøtet

Menighetsmøtet består av de stemmeberettigede i soknet. Bare de som møter frem personlig, kan stemme. Menighetsmøtet kan i særlige tilfeller også gjennomføres som fjernmøte. Også biskopen, prosten og soknepresten kan ta del i møtet, men bare stemme om de ellers er stemmeberettiget i soknet.

Menighetsmøtet kalles sammen av menighetsrådet så ofte det er påkrevd eller finnes ønskelig eller når minst 20 av soknets stemmeberettigede krever det.

Nærmere *regler om formene for menighetsmøtets virksomhet* gis av Kirkemøtet.

0 Endret ved forskrift 10 mars 2021 nr. 687.



§ 14. Menighetsmøtets oppgaver

Menighetsmøtet avgjør saker om innføring av gudstjenstlige bøker i kirken når Kirkemøtet har overlatt spørsmålet til menighetsmøtets avgjørelse. Menighetsmøtet avgjør også andre saker som etter nærmere bestemmelse av Kirkemøtet eller andre kirkelige organer blir overlatt til menighetsmøtets avgjørelse.

Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring eller nedlegging av kirke og om deling, sammenslåing eller andre endringer i grensene for sokn. Dette gjelder likevel ikke når endringer i soknegrensene er en følge av endringer i kommunegrensene.

For øvrig gir menighetsmøtet uttalelse når kirkelige myndigheter ber om det eller når menighetsmøtet av eget tiltak ønsker å uttale seg.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2024/30 Kyrkjelyden sitt arbeid for flyktningar som kjem til Fitjar

Alt tyder på at det vil komma fleire flyktningar som skal busetjast på Fitjar i 2024. Dei vil ha ulik bakgrunn, historie og interesser med seg frå staden dei kjem frå. Det er likevel målet at alle skal få god integrering, slik at dei finn seg til rette og vil trivast i Fitjarbygda. For å lukkast med dette må alle gode krefter i lokalsamfunnet ta del i arbeidet. Kyrkjelyden vår har tradisjon for å vera ein viktig aktør i slikt arbeid, med mange medlemmer som vil vera med å hjelpa dei som kjem til bygda.

Soknerådet sitt arbeidsutval har fått innspel med ynskje om at soknerådet har dette temaet med som ein viktig del av arbeidet. Difor vert det no opna for ein samtale i soknerådet om korleis kyrkjelyden best kan vera med å bidra for flyktningar som skal busetjast i Fitjar.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2024/31 Meldingar / open post

Under meldingar og open post vil det verta lagt fram informasjon om m.a. desse sakene:

- a) Arbeid med strategidokumentet til hausten
- b) Dreneringsanlegget på gravplassen
- c) Arbeidet med prosjekt på gravplassen
- d) Møte med kommunedirektøren
- e) Ordning med kyrkjeskys
- f) Kristenretten 1000 år, jubileumsmarkering i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.